

Olje- og energidepartementet

Høyringssvar på Straumprisutvalet sin rapport "Balansekunst"

Sognarådet interkommunalt politisk råd er samarbeidsorgan for kommunane Aurland, Luster, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal. Arbeidsutvalet i Sognarådet har i møtet 15. desember 2023 fatta følgjande vedtak:

Straumprisutvalet har levert ein god og grundig gjennomgang av kraftsystemet og har vurdert alternativ og tiltak som kan bidra til meir stabile, føreseielege og konkurransedyktige priser.

Utvalet peiker på meir kraftutbygging som det viktigste tiltaket for å sikre låge og konkurransedyktige priser på sikt. Sognarådet er samd i at det er nødvendig at landet har overskotsproduksjon av kraft.

Sognarådet sine medlemskommunar er medlemmar av Landssamanslutninga for vasskraftkommunar (LVK). Sognarådet støttar LVK sitt høyringssvar. Sognarådet er særskilt oppteken av følgjande:

Sognekommunane har stor vasskraftproduksjon og har med det ofra mykje natur. Vår region har overskotskraft og har heilt unike føremoner når det gjeld regulerbar kraft. Vi har nokre naturgitte fortrinn i omstillinga mot lågutsleppssamfunnet. For at vi ikkje skal kome negativt ut er det viktig at naturgitte fortrinn ikkje vert nullut i ein felles europeisk energimarknad.

Rapporten viser eit nasjonalt handlingsrom som bør vurderast for å sikre norske arbeidsplassar og verdiskaping. Rikeleg tilgang på fornybar kraft må framleis vere ein konkurranseføremoen for norsk industri. Vasskrafta har ført til oppbygging av ein omfattande kraftkrevjande industri. Ei vidareføring og styrking av denne industrien har ikkje berre ein eigenverdi, men er også viktig del av norsk distriktpolitikk.

Sognarådet er samd med Straumprisutvalet si vurdering knytta til behovet for eit robust kraftnett og vidare utvikling av nettkapasiteten.

Sognarådet ber om at regjeringa ser på utforming for meir rettferdig nettleige. Regionar som har dei negative konsekvensane av kraftproduksjonen bør ikkje ha dyrare nettleige enn dei som nyttar seg av den same krafta andre stader i landet. Sognarådet er samd i utvalet si vurdering om at god kraftbalanse er ein av fleire faktorar for å ha konkurransedyktige straumprisar. Arbeidet med energieffektivisering må intensiverast. Det er behov for eit straumprisregime som stimulerer til sparing, og som har ein sosial profil for private kundar og skjermar dei mot dei største prissvingingane.

Med helsing

Roy Egil Stadheim
Leiar

Brevet er elektronisk og er utan handskriven underskrift.